

AVTALE OM OPPKØYRING AV LJOSLØYPE I KYRKJEBYGD

mellanom

ÅSERAL IDRETTSLAG

og

ÅSERAL KOMMUNE

1. Avtalepartar

Åseral idrettslag org.nr: 975 652 491
(idrettslaget)

Åseral kommune org.nr: 964 966 842
(kommunen)

2. Føremål med avtalen

Føremålet med denne avtalen er å regulere forholdet mellom partane når det gjeld ansvar for oppkøyring av ljosløype i Kyrkjebygd.

3. Ansvar

- Åseral Idrettslag har utstyrssansvar og stiller med naudsynt løypeutstyr, samt sørger for drivstoff og naudsynt vedlikehald.
- Åseral Idrettslag inngår avtale med løypekøyrar om tidspunkt og kompensasjon.
- Løypa skal alltid vere i orden til langrenn.
- Dersom kommunen ynskjer køyring av andre løyper, slik som i området ved skulen, blir kommunen fakturert for dette, pr time etter medgått tid.
- Etter sesongavslutning skal løypekøyrar sende idrettslaget eit notat om "løypas tilstand", og peike på kva som bør utbetrast.
- Åseral idrettslag har ikkje anna ansvar for drift/vedlikehald enn det som står oppført i avtalen.

4. Godtgjering

- Betalinga for dette arbeidet (frå 2021) er kr 30.000,- eksklusiv moms. Denne summen forfall til betaling 10.mai. Det skal sendast rekning til kommunen i rimelig tid før forfall.

6. Ikrafttreden og ansvar

- Denne avtalen trer i kraft umiddelbart etter signering.
- Avtalen gjeld til ein av partane ønskjer avslutting eller ny forhandling. Dette må i tilfelle meldast i god tid innan 1. november før sesongen det vil gjelde.
- Ved misleghald kan avtalen, etter klageperiode på 3 veker, underkjennast av klagande part.
- Avtalen er utarbeida i to eksemplar, med eitt til kvar av partane.

Åseral, den

For Åseral idrettslag

For Åseral kommune

Leiar i ÅIL

Einingsleiar SERK